



Rapport 2022

Årdal Utvikling



1. Forord

Årdal Utvikling er kommunen sitt verkøy for å gjennomføre strategisk næringsplan. Gjennom dette arbeidet støtt Årdal Utvikling opp om visjonen til kommunen, ved å bidra til berekraftig næringsutvikling med fokus på å leggja tilhøva til rette for høg livskvalitet, gode utdanningsmogelegheiter og nye arbeidsplassar i eit variert og framtidretta næringsliv. Den viktigaste ressursen i dette arbeidet er likevel næringslivet sjølv.

I rapporten for 2022, får de eit lite inntrykk av kva Årdal Utvikling arbeider med, og kva utfordringar kommunen står framføre. Strategisk Næringsplan og handlingsplanen for 2022, gjev grundig informasjon om kva prosjekt som har hatt fokus i året som har gått.

Reduksjon i folketalet vil truleg halde fram, men vi vil bremse nedgangen og nærme oss stabilitet i folketalet. Det er mange prognosar med sine føresetnader som seier noko om folketalet i 2040. Så er det likevel slik at det kan skje endringar i næringsstrukturen (utbyggingsplanar i industrien osv.) i Årdal som gjer at utviklinga kan bli ein annan enn prognosen. Vi har store forventningar til at slike endringar vil skje, og trur at på sikt kan Årdal stabilisere folketalet om lag på det nivået vi har i dag og leggje grunnlaget for ein forsiktig vekst.

Satsing på kompetanse og innovasjon

I frå 2018 til 2023 har Årdal Utvikling sett inn alle krefter på å realisere kompetansestrategien. Som styreleiar er eg stolt av å kunne slå fast at vi har levert i samsvar med plan

og ønskjer frå næringslivet. Gjennom Årdal Teknologipark AS vil vi få plass samarbeidsarenaer mellom næringsliv og utdanningsinstitusjonar. Vi arbeider med å utvikle og styrke Sogn Opplæringskontor, og saman med næringslivet støtte opp om SITEP AS som er det nye teknologi og innovasjonsselskapet i Årdal og regionen.

Arbeidet med å realisere kompetansestrategien vil halde fram med full styrke i 2023 også, og i 2023 vil Årdal Teknologipark stå ferdig og vere integrert med industriparcsatsinga saman med kommunen og Hydro. Sogn Kompetanse AS vil vere eit viktig verkøy i dette arbeidet.

Eg set stor pris på den store medverknaden næringslivet har synt i denne prosessen. Gjennom Årdal Teknologipark og industriparcsatsinga, legg Årdal Utvikling opp til eit tett, tillitsfullt og konstruktivt samarbeid med næringslivet, for å realisere felles mål for utviklingsarbeidet i Årdal og regionen.

Ny leiar i Årdal Utvikling

Dagleg leiar Terje Laberg går av med pensjon sommaren 2023. Terje vart tilsett som dagleg leiar i 2007. Årdal Utvikling arbeider med å tilsetje ny leiar våren 2023 og vil sikre ei naudsynt overlapping i leiaraskiftet. Ei stor takk til Terje gjennom desse åra!

Satsing på reiseliv

Vi har gjennom heile 2022 satsa vidare på reiselivsprosjekta som kom fram i samband med rullering av strategisk Næringsplan. Mange av prosjekta er begynt å nærme seg realisering. Selskapet Årdal Adventure AS (www.visitardal.no) vart etablert i 2020, og vil vere ein motor i å utvikle Årdal som reise mål. Årdal Utvikling har heile tida fokus på å profilere Årdal som ein attraktiv stad å besøka. Årdal Adventure AS har drifta Visitardal.no og nytt Booking system for kjøp av aktivitetar og opplevingar i kommunen er etablert.

Satsing på arbeidsplassar for kvinner og ungdom

Årdal har etter kvart fått eit spennande og livskraftig næringsliv. Vi ser at innan besøksnæringane, så står det fram kvinnelege leiarar og eigarar, som set sitt tydelege preg på Årdal. Ungdommen vår held fram med å profilere seg på nasjonalt nivå, gjennom det gode arbeidet den vidaregåande skulen legg ned innan entreprenørskap. Eg konstaterer at samarbeidet ÅU etablerte med skulen i 2009 på entreprenørskap, sakte men sikkert gjev gode resultat. Dei tre siste åra har ungdomsbedrifter frå Årdal teke førsteplassen i fylket, og oppnådd strålende resultat i nasjonale kåringar.

Årdal Utvikling vil halde fram med det gode samarbeidet med Årdal vidaregåande skule, for å sikre at entreprenørskap blir satsa på i framtida. I rapporten frå 2022 finn du også presentasjonar av bedrifter, vi ønskjer å trekke fram, då dei har lukkast både på den lokale, nasjonale og globale marknaden. Desse representerer ulike bransjar, som viser litt av variasjonen i næringslivet vårt.

2. Korleis jobbar me?

Organisering

I 1983 arbeide Utviklingsselskapet for næringsliv på Vestlandet ut ein rapport om næringsutviklinga i Årdal (Smedalrapporten). Det vart då vedteke å etablere eit tiltakskontor som sjølvstendig juridisk eining i Årdal. Det vart vidare vedteke at tiltakskontoret skulle organiserast som stifting. Det var brei semje om at tiltakskontoret ikkje berre er ei kommunal oppgåve. Trongen til raske avgjerder og tett samarbeid mellom det lokale næringsliv, bankane, kommunen og fagrørsla var grunnjevinga for å skipe ei sjølvstendig juridisk eining. Dei same tankane låg også bak samansetjinga av styret i tiltakskontoret. Næringsarbeidet har i 30 år vore organisert etter denne modellen. Oppgåvene og arbeidsmetodikk har nok endra seg litt over tid, men det grunnleggande kravet om sjølvstendig juridisk eining som skulle ha ein fri stilling i høve kommunen sine meir forvaltningsretta oppgåver, har heile tida lege fast.

Strategiske planar

Årdal kommune vedtek ein kommuneplan som har ein samfunnsdel og ein arealdel. Denne planen er overordna alle andre planar i kommunen. Her vert dei overordna måla sett, som alle skal jobba mot. Strategisk Næringsplan (SNP) er ein 4-årig kommunedelplan som skal konkretisere dei meir overordna måla som er sett i kommuneplanen.

I tillegg vedtek ein saman med SNP ein Handlingsplan for komande år. Handlingsplanen bryt måla ned i konkrete prosjekt og aktivitetar. Kommunen har engasjert Årdal Utvikling til å gjennomføre SNP med handlingsplanen. Det er likevel

viktig å presisere at det er kommunestyret sin plan, og det er dei som vedtek kva område ein skal jobbe med. I arbeidet med SNP må Årdal Utvikling (ÅU) arbeide tett saman med kommuneorganisasjonen og næringslivet både lokalt og nasjonalt. I tillegg må ÅU ha tett samarbeid med regionale og statlege verkemiddelaktørar som SIVA og Innovasjon Norge.


ÅU sin strategi

Strategisk har Årdal Utvikling fokus på kor attraktive vi er som bustadkommune, besøkskommune og bedriftskommune. Klarer Årdal å få til ei positiv utvikling knytt til desse sentrale utviklingsområda, vil kommunen totalt sett få ei positiv samfunnsutvikling. Strategiane som vi arbeider etter i SNP, legg opp til å utvikle desse tre sentrale områda for kommunen. Alt strategiarbeid vert organisert i prosjekt med klare resultatmål.

Servicefunksjon

I tillegg til dette strategiske utviklingsarbeidet, så har også ÅU ein servicefunksjon mot næringslivet. Alt praktisk arbeid med registrering av selskap, søknader om finansiering og hjelp til utarbeiding av forretningsplanar vert tilbydd hjå ÅU.

I tillegg arbeider ÅU mykje med bedrifter som har kome i vanskar, dette kan vere økonomiske utfordringar, konflikter mellom eigarar, problem med leverandørar og ikkje minst hjelpe bedriftene med å utvikle seg. Årdal Utvikling utarbeider også rapportar om større tema (samferdsle, skule, helse) som vert nytta i det politiske arbeidet kommunen gjer, for å ta vare på Årdal sine interesser.



Utviklingsmiljøet til Årdal



3. Næringslivet treng kompetanse!

Årdal Teknologipark har i 2022 arbeida intenst med å utvikle samarbeidet mellom Årdal Vidaregåande skule og næringslivet. Skulen og bedriftene er svært interesserte i å få til eit omfattande og forpliktande samarbeid. Dessverre så har vi ikkje lukkast å få skuleeigaren Vestland Fylkeskommune med på satsinga. Vi må få dette til og vil prioritere å få på plass ein samarbeidsavtale i 2023. Næringslivet har understreka at tilgang på kompetanse er ein føresetnad for å overleve. Hurtig omstilling gjer det naudsynt at vi lærer heile livet. Utfordringa vår vil bli å sikre kvalitet i utdanninga, når tempoet i endringane vert mangedobla. Næringslivet må satse målretta på etterutdanning og livslang næring. Utdanningssystema må knyte seg tettare til næringsmiljøa, og såleis sikre rask tilgang til ny kompetanse for bedriftene. Teknologien og krav til utstyr i undervisninga endrar seg så raskt, at vi forstår at Vestland fylkeskommune ikkje vil makte å finansiere oppgradering av nytt avansert teknologisk utstyr på skulane. Svaret er at utdanningssystema må knyte seg tett på industrimiljøa og nytte utstyr som er finansiert av næringslivet.

Årdal Teknologipark ynskjer med dette å invitere Vestland fylkeskommune til å delta i samarbeidsavtale med Årdal Teknologipark, for å utvikle studietilboda ved Årdal vidaregåande skule, sikre rekruttering av rett kompetanse til den grøne omstillinga og utvikle entreprenørskapskulturen i Årdal/Sogn.

Årdal Vidaregåande skule har dei siste 3 skuleåra hatt undervisning på utstyret til SITEP AS i lokala i Årdal Teknologipark, og med ressursar frå SITEP/Sogn Kompetanse som lærar. Dette har vore gjennomført for studieretningane Vg2 og Vg3 automatisering, Vg2 kjemiprosess og laboratoriefag, Vg2 industriteknologi. Den avtalen har berre dekkja timekostnader for undervisninga og ikkje teke opp i seg større kostnader knytt til areal og utstyr. Det er samtidig eit mål å nytte den kompetansen og utstyret som er i miljøet til å utvikle nye tilbod. Dette vil gi elevane og lærarane ved skulen tilgang til utstyr og kompetanse ein normalt berre finn ved høgskular og universitet, men som ein gjennom denne samarbeidsavtalen kan få tilgang til i Årdal Teknologipark.

Vi ber om at Vestland fylkeskommune blir med på samarbeidsavtalen og bidra med ekstra finansiering over 3 år for å gi Årdal vidaregåande skule og elevane tilgang til topp moderne lokal og utstyr dei neste 3 skuleåra. Næringslivet vil forplikte seg til å gi like mykje i tilskot som fylkeskommunen gjer.


Vestland Fylkeskommune har sett ambisiøse mål i sine planar knytt til å nå klimamål og CO2 reduksjon. Ein har visjon om å vere klimanøytrale i 2030, som er veldig ambisiøst. Grøn region Vestland er eit viktig verkemiddel for å nå desse måla (55% reduksjon), der ein har sett fokus på dei områda i fylket som har størst klimaavtrykk og effekten vil bli størst. Årdal er plukka ut som ein av dei industrielle hubane ein ynskjer å satse på som jobbar både med reduksjon av klimaavtrykk i industrien, nye biologiske industrier og industrielle symbiosar. Dette arbeidet skjer gjennom SITEP og i Årdal Industripark i sterkt samarbeid med Hydro og resten av industrien i Årdal.

Industrien i Årdal og Sogn har siste åra auka fokuset på berekraft og sirkulærøkonomi for å bidra til å redusere klimaavtrykket og auke eiga konkurransekraft. SITEP arbeider saman med industrien og nye bedrifter for å realisere fleire prosjekt innanfor sirkulærøkonomi og industriell symbiose. Utfordringa som blir peika på frå industrien, SITEP og skulane er at vi manglar kunnskap og kompetanse rundt temaet og moglegheitene. Dette gjeld både blant dei tilsette i bedriftene i dag og elevane som kjem ut av skulane.

Sogn Kompetanse har søkt om prosjektet «Berekraftsløftet Sogn 2022-2024» for å styrke kunnskap og ta ut potensiale rundt sirkulærøkonomi. Det prosjektet vil sjå på nye fagområde som kan takast inn i kurs, etter- og vidareutdanning og studieretningar i den vidaregåande skulen. Dette blir viktig for å utvikle læringsprogram som kan samarbeid tett med SITEP og miljøa i Årdal Teknologipark. Skal ein lukkast med dette må elevane få tilgang til utstyr og kompetanse som ein har i Årdal Teknologipark som denne avtalen tek opp.

SITEP har som mål å auke innovasjonstakta i næringslivet og få til knoppskyting av nye bedrifter. Sjølv om næringslivet i Årdal er van med å omstille seg og ta i bruk ny teknologi har ein ikkje ein sterk kultur for entreprenørskap og gründerar. Det er gode lønnsvilkår i næringslivet og få tek risikoen ved å starte nye bedrifter. Årdal vidaregåande skule har over tid arbeidd og lukkast med entreprenørskap på skulen og spesielt mot sal og service. Det er eit mål å vidareutvikle samarbeidet rundt entreprenørskap i skulen og få til fleire prosjekt rundt teknisk entreprenørskap på fagutdanningane og studiespesialisering ved Årdal vidaregåande skule.

Dette håpar ein over tid skal auke talet gründerar og nye bedrifter, og at ein vidareutviklar entreprenørskapskulturen. Bakgrunnen for samarbeidsavtalen er at både Årdal vidaregåande skule, SITEP og Årdal Teknologipark ynskjer ein langsiktig (3-5 år) og føreseieleg avtale for korleis Årdal vidaregåande skule skal kunne samhandle og bruke fasilitetane og kompetansen i Årdal Teknologipark.



Arne Håkon Laberg, dagleg leiar i Agnitio, er svært nøgd med utvikling og ser lyst på framtida til selskapet.

Eventyrleg vekst for Agnitio

IT-leverandøren Agnitio har hatt ein eventyrleg vekst dei siste åra. Frå 2021 til 2022 auka omsetnaden med nærare 30 prosent. Selskapet i Jotunvegen gir Årdal Utvikling ein del av æra.

Agnitio AS blei etablert i 2001 med fem tilsette. I dag har selskapet 13 tilsette og medarbeidarar både i Bergen, Førde og Voss i tillegg til staben på hovudkontoret i Øvre. Verksemda har i dag kundar over heile landet og har fokus på løysingar for det offentlege, både kommunar og statlege organ. I tillegg leverer dei tenester til små- og mellomstore bedrifter.

Omsetnaden passerte i 2022 for første gong 50 millionar kroner, nærare bestemt 53 millionar kroner mot 42 millionar kroner i 2021. Årsresultatet landar på rundt 1,7 millionar kroner som er tilsvarande resultatet for 2021 før skatt.

Lokal støttespelar

- Resultatet kunne nok vore betre, men det er som kalkulert etter at vi har etablert nye

kontor både i Bergen og Sunnfjord. Slikt kostar, men vi trur satsinga er nødvendig både med omsyn til rekruttering og vidare vekst, seier dagleg leiar Arne Håkon Laberg. Han har god tru på at dei vil nå ein ny milepæl med ein omsetnad på over 100 millionar kroner i løpet av dei neste 2-3 åra.

- Vi har hatt ei fin utvikling og ser lyst på framtida. Ein del av æra for framgangen må vi dele med Årdal Utvikling. Dei har vore

ein viktig støttespelar både økonomisk og gjennom kompetansen og nettverka sine i høve til utvikling av nye konsept og med å få konseptet ut i marknaden. For oss har det vore svært viktig å ha eit lokalt utviklingsapparat å støtta seg på, seier Laberg.

Stor suksess

Eit av utviklingsprosjekta Laberg syner til er Agnitio Immutable Backup. I ei meir «menneskeleg» språkdrakt betyr det ei teneste som sikrar kunden sine backupdata mot uautorisert tilgang, endring og sletting. Alle data er 100 prosent lagra i Norge. Dersom til dømes verksemdar eller kommunar blir ramma av datangrep, så er det alltid ein viss risiko for at også backupdata blir sletta. Dette unngår ein ved å nytta Immutable Backup-systemet frå Agnitio.

Dataangrepet mot Østre Toten kommune i januar 2021 er eit godt eksempel på kor gale det kan gå når uvedkomande bryt seg inn og tek over kontrollen, datasystema blir sett ut av spel, backupen blir sletta og personsensitive data kjem på avveggar. Oppryddinga etter angrepa kosta i følgje bransjebladet Aktuell Sikkerhet skattebetalarane over 32 millionar kroner.

- Med vårt system sikrar ein backupdata, og unngår ei slik tragisk hending. Difor har konseptet også blitt teke godt imot i marknaden. Behovet for denne type datasingring er enormt, så alt etter eit knapt år i marknaden har vi passert 50 prosent av kapasiteten, seier Laberg.

Satsar på E-sport-miljøet

Agnitio AS har som nemnt lagt eit suksessrikt år bak seg med fleire nye store avtalar. Den største einskildavtalen er med Statsforvaltaren, der årdølene etter konkurranse med fleire av dei største IT-leverandørane i landet skal levere integrerte datasenterløysingar. Denne avtale er no utvida til også å omfatte ein driftsavtale. I tillegg har Laberg god tru på at dei vil «landa» fleire større avtalar i starten av dette året. Det betyr auka behov for fleire medarbeidarar, noko som er ei utfordring for dei fleste verksemdar i dagens arbeidsmarknad.

- Å få tak i dyktige medarbeidarar er alltid ei utfordring. Det er også ein av grunnane til at vi har oppretta nye kontor, noko som gir oss større fleksibilitet. I tillegg har vi stor tru på E-sport-miljøet som er etablert i Årdal. Der stiller vi med instruktør og som ein av hovudsponsorane saman med Årdalsnett og Hydro. Alt etter kort tid ser vi at der er det mange talent som kan bli framtidige IT-medarbeidarar, så der blir det viktig å følgja opp, konstaterer dagleg leiar Arne Håkon Laberg i Agnitio.



Satsar på heilelektrisk framtid

Fram til no har dei spesialbygde køyretøya frå HMR Hydeq hatt dieseldreven framdrift. Frå sommaren 2023 kan delar av selskapet si framtid vera heilelektrisk.

Det var mens dagleg leiar Endre Røyrvik «gjekk for presten» at verksemda som i dag er HMR Hydeq i 1989 blei skilt ut frå Hydro Aluminium Årdal og etablert som eige aksjeselskap. I dag er selskapet ein del av HMR-konsernet med forretningsadresse på Sunde i Kvinnherad. Konsernet har ein omsetnad på i overkant av 300 millionar kroner. HMR Hydeq med sine kring 80 tilsette står for meir enn halvparten av omsetnaden.

Teste ny teknologi

Forretningsidéen til HMR Hydeq er først og fremst å utvikle og byggje mobilt og stasjonært utstyr for aluminiumsindustrien. Produksjonsanlegget til HMR Hydeq ligg inne på området til Hydro Aluminium Årdal, noko Røyrvik ser på som ein stor fordel.

- Den fysiske nærleiken gjer det mogleg for oss både å teste teknologi og å samarbeide tett med mellom anna FOU-personell, elektrolysespesialistar og operatørar i

utviklinga av utstyret vi produserer. Dette er noko som kjem både oss som leverandør og industrien til gode.

Det er tappevognene HMR Hydeq er mest kjende for. Dei blir levert til dei fleste aluminiumsverka i Norge i tillegg til utanlandske produsentar som Qatalum i Qatar.

- Qatalum er ein av dei større kundane våre. I tillegg til at dei har fem nye tappevogner til ein verdi av om lag 40 millionar kroner

i bestilling, så kjøper dei meir eller mindre alt av reservedelar direkte frå oss, seier Endre Røyrvik.

Elektrisk framtid

Men det er ikkje berre tappevogner HMR Hydeq produserer. Spesialkøyretøy som anodeskiftarar, boremaskiner for reinsing av tapperøyr, fres for reinsing av digler, ovnskassar, straumskinner og anodeoverbygg er og ein del av produktkatalogen i tillegg til ulike vedlikehaldsprosjekt.

- Vi har mange bein å stå på. Samstundes er det viktig å vera i forkant med utvikling og tilpassing av nye produkt. Det er ei av årsakene til at vi det siste året har brukt mykje tid og ressursar på å designe og utvikle ein heilelektrisk anodetransporter, seier Røyrvik.

Prosjektet med transporteren åleine har ei kostnadsramme på om lag 13 millionar kroner, der Innovasjon Norge bidrar med fire

millionar. I tillegg må det investerast både i trafostasjon og ladestasjon.

- Med tanke på det grøne skiftet, så er dette eit viktig prosjekt både for oss og industrien. Det er komplisert på mange områder, men samstundes mykje god læring som vi vil dra nytte av framover, meiner Røyrvik.

Prototypen skulle etter planen ha vore klar ved juletid i 2022, men pandemi og internasjonal komponentmangel har ført til forseinkingar. Difor vil nok pollensesongen 2023 vera godt i gang før den første heilelektriske anodetransporter kan trilla ut frå produksjonslokala til HMR Hydeq.


Gode utsikter

Endre Røyrvik veit til liks med alle som har vakse opp i nærleiken av eit aluminiumsverk at verksemda han leier er ein del av verdikjeda i ein konjunkturindustri. I skrivande stund er det

overskotslager av metall på verdsbasis og Hydro Aluminium har stengd ned produksjonslinjer både på Karmøy og Husnes. Den daglege leiaren i HMR Hydeq misser likevel ikkje nattesøvnen.

- Utsiktene våre er gode. Sjølv om kostnadsbiletet isolert sett kan gi grunn til bekymring, så har vi godt sal og ordreservar langt ut i 2023. Det største problemet vårt er tilgang på ressursar og kompetanse. Det er ei utfordring vi deler med fleire verksemdar i Årdal, så på det området bør vi kanskje gjera ein felles innsats i tida framover, seier Røyrvik.

4. Analyse Årdal 2022



Folketalsutvikling


I figuren kan vi sjå dei fire scenaria vi har for folketalsutviklinga i Årdal fram til 2050, når vi legg til grunn at den nasjonale veksten blir som i hovudalternativet til SSB frå 2022. SSBs siste framskriving for Årdal som ble publisert juli 2022 er også lagt inn.

Årdal har hatt synkende folketal sidan 2010. Alle scenaria og framskrivingane viser ein vidare nedgang i folketalet. Nedgangen i folketalet blir ganske svak i scenarie med høg attraktivitet, men ganske sterk i scenarie med middels attraktivitet.

Sysseletting:

Figuren viser tal arbeidsplassar fordelt på privat og offentleg sektor fram til 2021 og utviklinga i valt scenario fram til 2050 i Årdal. Det vil helt sikkert bli konjunktursvingingar i framtida med periodar med nedgang og andre periodar med vekst. Det er umogeleg å spå slike svingingar. Framskrivninga er difor jamn.


Det blir vekst i tal arbeidsplassar i Årdal i scenariet med høg attraktivitet.



Utvikling næringslivet i Årdal:

Ved å følgje utvikling i omsetnad for dei 50 største bedriftene i Årdal som har tilgjengelege offentlege data i Brønnøysund registra kan vi sjå utviklingstrendar. Vi får då ikkje data frå dei store industriverksemdene som Hydro, Norsun, Bilfinger samt dei nasjonale handelskjedene. Vi kan likevel sjå nokre utviklingstrekk.

Resultatgrad utvalde bransjar:




Analysen inneheld berre selskap med hovudkontor i Årdal, ikkje avdelingar av strørre selskap utan offentleg data i Brreg

Vi har mange solide bedrifter i Årdal som bør ha god utviklingsevne i åra som kjem. Ved å sjå på lønnsmda i 50 selskap i Årdal, ser vi at andel av bedrifter med positive resultat har auka. Det er viktig at næringslivet lokalt har god lønnsmd som er viktig for å kunne utvikle seg vidare. Oversikten viser korleis næringslivet lokalt blir påverka av konjunktursvingingar.

Ved å sjå på lønnsmda i dei same 50 selskapa ser vi at andel av bedrifter med positive resultat har auka frå 60% i 2012 til 88% i 2021. Denne har siste åra lege rundt 80%, medan ca. 50% har hatt resultatgrad over 5%. Det er viktig at næringslivet lokalt har god lønnsmd som er viktig for å kunne utvikle seg vidare. Oversikten viser korleis næringslivet lokalt blir påverka av konjunktursvingingar

UTVIKLING ORDINÆR SKATT TIL PRIMÆRKOMMUNEN



Ordinær skatt til primærkommunen

Skatteinngang Årdal:

Den positive utviklinga i næringslivet i Årdal ser ein og gjennom den auka skatteinngangen til Årdal kommune. Dette er skatt som kjem hovudsakleg på alminneleg inntekt frå dei som er sysselet og busett i Årdal. Utvikling i sysseletting og lønnsnivå vil ha påverknad på denne. Det har vore ein vekst i skatteinngangen til kommunen sidan 2009.



Nye moglegheiter opnar seg for Porten

I 20 år har Porten stått åleine i konkurransen om lesarar og annonsørar. No er dei inne i varmen hjå eitt av dei fremste mediekonserna i Skandinavia. Med det opnar det seg nye dører og ei tryggare framtid for mediehuset i Årdal.

Alle veit at økonomiske musklar gir handlingsrom. Difor er det svært utfordrande å stå i konkurranse med nokon som har ein omsetnad på meir enn ti gonger din eigen. Endå tøffare blir det når konkurrenten får ein eigar i ryggen med tusen gonger høgare omsetnad enn ein sjølv har. Det har Porten kjent på etter at storkonsernet Amedia med ein omsetnad på over fire milliardar kroner kjøpte opp Sogn Avis.

Med Polaris Media på laget ser framtida langt lysare ut for Porten. Nye moglegheiter vil opne seg, konkurransesituasjonen vil endra seg, abonnentar og næringsliv kan vera tryggare på at dei har ein alternativ mediekanal og arbeidsplassane i Årdal blir sikrere.

Styrke produktet

- Vi gjorde ei grundig vurdering av kva som er best for utviklinga av Porten. Polaris Media kan bidra til å styrke produktet

både redaksjonelt og kommersielt. Difor er vi glade for å ha fått dei med på laget, seier styreleiar Thomas Norheim Moen i Porten AS.

Mediekonsernet Polaris Media har gjennom Polaris Media Nordvestlandet overtatt 64,7 prosent av aksjane i Porten AS, medan seljarane Årdalsnett AS og Agnitio AS blir med på den vidare satsinga med høvesvis 28,2 prosent og 7,1 prosent av aksjane.

Langsiktig eigar

- Det er ei tillitserklæring å bli satsa på av eit så stort mediekonsern. Med Polaris Media har vi fått inn ein profesjonell aktør som vi veit er langsiktig, og som forstår verdien av å satse på og utvikle mediehusa sine med ei tydeleg lokal forankring. Samstundes ser vi fram til å bli del av og dra nytte av eit av dei fremste kompetansemiljøa i landet, seier ansvarleg redaktør i Porten, Lasse Styve Andersen.

Porten.no blei i dagens form etablert for 20 år sidan, men har ei historie som strekker seg tilbake til 1996.

- Porten har med små ressursar opparbeidd seg ein fin posisjon i Indre Sogn. Med tilgang på kompetanse, teknologiske løysingar og annonse- og abonnementsprodukt frå eit stort og seriøst mediekonsern som Polaris Media, så trur

vi potensialet er endå større, seier Norheim Moen.

Spennande satsing

Administrerende direktør Harald H. Rise i Polaris Media Nordvestlandet ser på Porten som ei spennande satsing for konsernet. Samstundes er han glad for at Årdalsnett og Agnitio blir med vidare på eigarsida.

- Vi ser fram til å bli betre kjende med både lesarane i Indre Sogn og staben i Porten, og vi er trygge på at vi kan støtte dei i den vidare utviklinga av produktet. Lukkast vi med det, vil det kunne gje grunnlag for auka inntekter både frå abonnentar og annonsørar, og det vil bidra til ei meir robust og langsiktig finansiering av mediehuset, seier Rise.

Polaris Media er eitt av Skandinavias største mediekonsern med eigarskap i 68 mediehus og har nærare 600 000 abonnentar og ein omsetnad på 3,7 milliardar kroner. Polaris Media Nordvestlandet er eitt av hovuddotterselskapa i konsernet og femnar om 16 ulike mediehus. Sunnmørsposten og Romsdals Budstikke er dei største av desse. Blant dei andre finn vi Fjordenes Tidende (Måløy), Fjordingen (Stryn) og Fjordabladet (Nordfjordeid) i Nordfjord.



5. Driftsåret 2022


Gjennomføring av handlingsplan 2022

Årdal Utvikling utarbeidde forslag til Handlingsplan 2022, som vart vedteke i kommunestyremøte i desember 2021. Styret i Årdal Utvikling har prioritert tiltaka i Handlingsplanen for 2022 innanfor dei rammene som kommunestyret løyvde for 2022.

ÅU har også i 2022 hatt ein aktivitet som utfordrar dei økonomiske rammene vi har. Årdal teknologipark har også vore igjennom sitt første driftsår, og har naturleg nok ein del økonomiske utfordringar i oppstarten. Vi trur likevel at drifta vil normalisere seg i 2023, og at vi får på plass ein økonomisk berekraftig drift av selskapet.

Eit viktig mål for Årdal Utvikling er å doble løyvinga på innovasjonsmidlar frå Årdal kommune på 5,2 MNOK. Konkret var målet i 2022 å skaffe 10,4 MNOK frå andre, slik at det totale beløpet knytt til innovasjon vart kr 15.6 MNOK. Desse midlane ville ein prøve å skaffe frå næringslivet og løyvingar frå regional og nasjonale innovasjonsordningar som t.d. Innovasjon Norge. Vi har valt å halde løyvingar til Hydro utanfor, men resten av næringslivet er med. Dette arbeidet er naturleg nok prega av refinansieringa av Norsun.

VIRKEMIDLER INNVASJON NORGE - LÅN



I perioden 2016 - 2022 fekk Årdal Utvikling 20,8 MNOK frå Årdal Kommune og næringslivet fekk tilgang til 120 MNOK i innovasjonsmidlar frå IN. I tillegg fekk næringslivet store løyvingar frå Enova, forskningsrådet og fylkeskommunen. Dette er eit historisk høgt resultat, og vi kan berre gratulere næringslivet i Årdal med at dei jobbar godt på innovasjon og nyskaping. Det meste av desse midlane er knytt til prosjekt som Årdal Utvikling i ulik grad er med på, men det er dei einskilde bedriftene som står bak og skapar dette resultatet. Årdal er heldige som har framoverlente bedrifter med fokus på innovasjon og nyskaping.

I frå å vere ein gjennomsnittskommune på tilgang til innovasjonsmidlar for nokre år sidan, er Årdal no blant dei beste i klassen. Vi har oppsummert tal frå perioden 2016 – 2022, for å syne at tilgang på innovasjonsmidlar held seg oppe over mange år, det er ikkje einskilde blaff.

Dette målretta arbeidet gjev seg utslag på mange måtar. Vi vil spesielt trekke fram det gode innovasjonssamarbeidet Årdal Vidaregåande Skule gjer. Vi konstaterer at samarbeidet ÅU etablerte med skulen i 2009 på entreprenørskap, sakte men sikkert gjev gode resultat. Etableringa av SITEP AS, Sogn kompetanse AS og strategiarbeidet i Sogn Opplæringskontor, gjer at desse tre bedriftene saman med Årdal Utvikling, no utgjer ei kraftfull eining knytt til innovasjon i kommunen.

Vi vil også trekke fram det gode samarbeidet vi no har med næringslivet i Årdal. Utan den velviljen og interesse dei syner for utviklingsarbeidet i Årdal, ville ikkje Årdal nådd dei måla vi set oss innan dette arbeidet.

Lønsame arbeidsplassar

1
LØNSAME
ARBEIDSPASSAR

Drift av førstelinjeteneste 2022 - 2023 1,0 ÅU
Utviklingsprosjekt lokale bedrifter som skal sikre god lønnsmed for vidare ekspansjon.
Knoppskytingsprosjekt ATP
Legge til rette for ekspansjon Norsun, fase 2 og fase 3 2022 - 2023 0,3 ÅU/SITEP/ÅK


2022 - 2023	1,0	ÅU
2022	0,2	ÅU/SITEP/ÅTP
2022	0,3	ÅU/SITEP/ÅTP
2022 - 2023	0,3	ÅU/SITEP/ÅK

Resultat: Strategipunkt 1 er gjennomført.

Drift av førstelinjetenesta femner om alle spørsmål om hjelp frå næringslivet i Årdal. Aktiviteten har vore aukande i frå 2014 og fram til no. Det skuldast truleg at oppgangen i næringslivet starta forsiktig i 2014 og sidan har vi hatt ein jamn og god aktivitet innan smb.

Førstelinja har handsama 27 saker knytt til nyetableringar og større endringar i eksisterande bedrifter i Årdal. Dette er mindre bedrifter som treng hjelp til «papirarbeidet», men og rådgjeving knytt til vedtekter, styresamansetnad, fisjon/fusjon, endring av aksjekapital og så

BEDRIFTSANALYSE – ETABLERINGER AV SELSKAPER



vidare. Tenesta vert utført av dei tilsette i Årdal Utvikling. Ein del av sakene vi har handsama i 2022, har vore spesielt ressurskrevjande. I 2022 ferdigstilte vi også areal for gründarar i Årdal Teknologipark. Om lag 50% av arealet er i dag utleigd.

Årdal Utvikling deltok aktivt i refinansieringa av Norun i 2022. Vi håpar at bedrifta no har eit godt fundament til å gjennomføre planlagt ekspansjon.

Fokus på nyskaping og knoppskyting gjev sakte men sikkert resultat. Eit godt døme er BlueTec. Vi har ein veksande trend med nyetableringar:

Vi ser også at dei lokale bedriftene hevdar seg

godt i både nasjonal og internasjonal konkurranse.


Når det gjeld utviklingsprosjekt knytt til lokale bedrifter har vi også i 2022 prioritert Sogn kompetanse AS og Årdal Adventure med å få på plass eit strategisk fundament for vidare vekst.

Vi ønskjer å nytte dei nasjonale verkemidla til støtte og lån. Vi vil sjølvsagt få unntak i åra som kjem, men vi prøver i størst mogeleg grad å få ut slike tilskot frå det offentlege verkemiddelapparatet. Unntaket vil vere ungdomsbedrifter knytt til samarbeidet med den vidaregåande skulen. Her vil innsatsen auke i åra som kjem.

ÅU har totalt gjeve bedriftsretta tilskot på kr 1.060.642 i 2022.

Dei 50 største selskapa i Årdal hadde i 2021 ein omsetnad på 1,5 Mrd og 46% vekst sidan 2016. Næringsklynga i Årdal er livskraftig, og vil vekse vidare i åra som kjem. Tala inneheld berre selskap med hovudkontor i Årdal, ikkje avdelingar av større selskap utan offentlege data i Br.reg.

UTVIKLING OMSETNING 50 STØRSTE SELSKAPER I ÅRDAL 2012-2021 (tal per 1000)



Analysen inneheld berre selskap med hovudkontor i Årdal, ikkje avdelingar av større selskap utan offentleg data i Br.reg

2021
1,5 mrd.
omsetning
Utflating i 2020 knyttet
til Covid-19
46% vekst sidan 2016

Helse

Årdal utvikling har gjeve støtte til og rettleia ein del mindre tenesteytande bedrifter innan helse og omsorg. Dette arbeidet yter vi gjennom satsingsområde 1 – lønsame arbeidsplassar i Årdal.

Resultat: Liten aktivitet

Kompetanse og innovasjon

Resultat: Strategipunkt 3 er gjennomført

3 KOMPETANSE OG INNOVASJON	Ferdigstille kompetansestrategien	2022	0,4	ÅU/SOK/SITEP
	Rekrutteringsprosjekt teknologiklynga i Årdal	2022	0,2	ÅU/SOK/SITEP
	Sogn kompetanse AS – frå oppstart til drift	2022	0,2	ÅU/SOK/Sogn kompetanse AS

Dette handlingspunktet er styrka gjennom at kommunestyret har vedteke ein eigen kompetansestrategi som konkretiserer arbeidet innfor kompetanse og innovasjon. Arbeidet med kompetansestrategien er omfattande og vi trur dette prosjektet må ha full merksemd også i 2023. Å styrke fagutdanninga ved den vidaregåande skulen, er ein aktivitet som pågår heile tida. Ein viktig del av dette arbeidet vil vere å samarbeide tett om bruken av øvingsfabrikken som SITEP har etablert i Årdal Teknologipark. Etablering av fagskulen er også viktig for å auke kompetansenivået i Årdal. Ein annan viktig aktivitet er utveksling av lærarkrefter mellom skulen og næringslivet. SOK vil vere eit viktig instrument i dette arbeidet. I løpet av 2022 har kompetansestrategien dreia fokuset over på driftsfasen i både SOK og SITEP. Industrifagskulen starta opp i 2020, og prosjekt knytt til rekruttering og profilering av teknologimiljøet vil bli meir prioritert i 2023/2024.

Rekrutteringsprosjektet er forseinka, men delprosjekt vil starte opp i 2023. Lukkast ein med 3 av industriprosjekta ein jobbar med, vil trongen for nye bustader i Årdal vere akutt.

Satsinga på Sogn Kompetanse er litt forseinka, då selskapet har vore gjennom eit leiarskifte i 2022. Men satsinga vil ha full merksemd i 2023.

Kompetansesenter

3,1 KOMPETANSE-SENTER	Desentraliserte undervisningstilbod frå fagskule/høgskule og universitetsmiljø	2022-2023	0,45	ÅU/Sogn kompetanse/SITEP
	Støtte opp om realisering kurssatsing i Sogn kompetanse AS/Sogn Opplæringskontor	2022	0,2	ÅU/SOK/Sogn kompetanse AS
	Utvikle samarbeidet mellom Årdal vidaregåande skule, Sitep AS, Sogn Opplæringskontor og Sogn kompetanse AS	2022-2023	0,3	
	Etablere årlege fagdagar, kunnskapsdagar og seminar i Årdal	2022	0,4	ÅU/SITEP/SOK ÅU/Sogn kompetanse

Resultat: Strategipunkt 3.1 er gjennomført

Sogn Opplæringskontor har hatt stor aktivitet i 2022 med kurs og samlingar for lærlingar. Gjennom SOK er ein med på Skandinavias største teknologiturnering First Lego League. First Lego League er ein konkurranse som set logikk, mattekunnskap, vitenskap, ingeniørvitenskap, teknologi og programmeringsevner på prøve. I tillegg skal elevane løyse ei oppgåve som går ut på dagsaktuelle problemstillingar. Dette gjer at teknologifaget får ein unik profilering blant elevane i grunnskulen.

I samband med realiseringa av øvingsfabrikken i Årdal Teknologipark, har vi fått ein felles arena for kompetanseutvikling mellom næringslivet og lærlingutdanninga ved den vidaregåande skulen. Vi er også i gang med å etablere ein arena for høgskuleutdanning i tett samarbeid med universitet/høgskulesystemet, fagskulane og kompetansmiljø i næringslivet. Næringslivet i Årdal skal gjennom eit omfattande kompetanseløft i åra som kjem. I Årdal Teknologipark har vi no den naudsynte infrastrukturen som kan realisere dette arbeidet.

SOK og Sogn kompetanse er har no eigen ressurs som arbeider med kurs/opplæringstilbod. Eit tett samarbeid med næringslivet, kommunen og fylkeskommunen har vore ein føresetnad for å realisere dette prosjektet. Vi er spesielt imponert over den viljen næringslivet har synt. Det har vore avgjerande for å få landa prosjektet på ein god måte. Vi ser fram til at industrifagskulen startar opp verksemda si i Årdal hausten 2020. Arbeidet med å etablere eit årleg seminar/fagdagar knytt til kunnskap og innovasjon er forseinka. Truleg oppstart vil bli våren 2021.

Innovasjon og teknologi

3,2 INNOVASJON OG TEKNOLOGI	SITEP AS – frå oppstart til drift	2022	0,2	ÅU/SITEP
	Ta ein regional rolle på industriutvikling	2022 - 2023	0,5	ÅU/SITEP
	Regionprosjekt Industri og digitalisering	2022	0,4	ÅU/SITEP

Resultat: Strategipunkt 3.2 er gjennomført.

Sitep er nå i driftsfase.

Når det gjeld næringsutvikling, så har Årdal kommune valt ei omfattande satsing i tråd med Vestland fylkeskommune sine planar på feltet - «Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021–2033»

Årdal teknologipark

Øvre Årdal

PROSJEKTER

- Resirkulering av metall
- Grønn hydrogen erstatter fossilt karbon
- Fornybar kraft som grunnlag for bio-prosesser til mat
- Tørring og fjernvarme frå spillvarme
- Pilot for CO2-fri produksjon av primær aluminium
- Samarbeid innen digitalisering og effektivisering


STATUS I DAG

- Etablert samarbeid mellom aktørene, og pågår dialog for å tiltrekke flere
- Flere pågående prosjekt støtte av FR, FFF, IN, Vestland og Enova. Nye søknader til behandling og utarbeiding – også EU prosjekt.
- Årdal Teknologipark er åpnet, tilrettelagt for både knoppkytting og pilotering (f.eks. algedyrking). Industripark under planlegging
- Pågår forprosjekt for digital tvilling
- Felles åpent laboratorium (Biolab) under etablering – prosjektet har mottatt noe finansiering
- Utviklet tre nye sensorer for oppdrettsanlegg og algeproduksjon. I drift og uttesting.

VEIEN VIDERE

- Behov for formalisering av hub-samarbeidet
- Hydrogenproduksjon vil muliggjøre mange av de andre prosjektene. Etablering av kompetanseutvikling har derfor stort fokus
- Det er behov for å sikre finansiering for pilot i Oxy WtE-prosjektet
- Neste steg for pågående forprosjekt er å tilrettelegge for skalering

Investeringspotensial	Arbeidsplasser
4-8 mrd NOK	300-500



sitep

I Vestland er det mange industrikommunar med verksemdar innan prosessindustrien. Desse står overfor mange liknande utfordringar framover.

Årdal skil seg ut som eit viktig kompetansesenter for denne type industri, i og med at Hydro har eit FoU miljø i Årdal. Industrikommunane i Vestland har oppretta eit godt samarbeid for å lære av kvarandre.

Målet for denne satsinga er «Eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030». På tiltaksnivå legg handlingsprogrammet vekt på mellom anna å nytte kompetansen frå prosessindustrien til næringsutvikling og lokal verdiskaping. Og utvikle hubar for grøn næringsutvikling rundt eksisterande industri. Arbeidet med Grøn region Vestland er del av denne satsinga. Årdal teknologipark er ein av 16 strategiske grønne hubar som er peikt ut av Grøn region Vestland som område eller miljø som vil leie an i den grønne omstillinga av næringslivet i Vestland.

Årdal har jobba målretta med å etablere eit omfattande FOU miljø som skal hjelpe oss å realisere planane i Grøn region vestland. Kompetanseselskapa med 18 tilsette, som held til i Årdal Teknologipark er SITEP AS, Sogn Opplæringskontor, Årdal Utvikling, Sogn Kompetanse, Årdal Adventure/Visit Årdal og Tilflyttarkontoret. Desse selskapa er sjølvstøtt interesserte i eit samarbeid med kommunane i Sogn. Vi har saman med FOU avdelinga til Hydro, sterke kompetansmiljø som jobbar for å realisere sirkulære forretningsmodellar ved at avfall og biprodukt frå eitt produksjonsledd kan nyttast som innsatsvare i nye ledd. Kompetansen og erfaringane frå Årdal kjem til å gi ringverknader langt utover eigen region og vere til gagn for omstillingsarbeidet i andre industiar og andre deler av fylket og landet. Kompetansmiljøet i Årdal er tett på verkemiddelapparatet i Norge.

Organisering

3,3

ORGANISERING

Ferdigstille Årdal Teknologipark AS
Etablere industripark i Årdal for at Årdal skal klare det grønne skiftet

2022 - 2023
2022 - 2023

3,3
1,3

ÅU/ÅTP
ÅU/ÅTP/Hydro

Resultat: Strategipunkt 3.3 er gjennomført

Gjennom eit tillitsfullt og godt samarbeid mellom Årdal Utvikling, Årdal kommune og Hydro, ser vi no konturane av ei industriparcsatsing i Årdal. Prosjektet vil konkludere i løpet av første halvår 2023. Vi reknar med ein positiv konklusjon, og vil gjennomføre denne etableringa i 2023/2024.

Eitt samfunn

4

EIT SAMFUNN

Arbeide for å gjere synleg Årdal sine kommunikasjonsbehov og korleis desse bør stettast (Ref rapport Tindevegen og rapport FV53)

Ferdigstille eit visningscenter industri i Årdal

2022- 2023

0,2

ÅU/ÅK/VisitÅrdal

0,2

ÅU/ÅK/Hydro

Resultat: Strategipunkt 4 er gjennomført

Årdal Utvikling har jobba målretta med utfordringar knytt til samferdsle til/frå Årdal og ikkje minst utfordringar på samferdsle i kommunen. Dei viktigaste utfordringane på kommunikasjonen til/frå Årdal er FV53. Det er ras utfordringar på strekninga Årdalstangen - Fodnes og Øvre Årdal -Tyinkrysset. Vi hadde også store utfordringar på strekninga Årdalstangen – Øvre Årdal, men desse er no langt på veg utbetra. Det er difor gledeleg at rassikringsarbeidet på vegstrekninga vil halde fram, og tunnel i Jåteli er endeleg på plass.

Tindevegen er også svært viktig for Årdal om sommaren, då vegen sikrar at over 50.000 bilar køyrer gjennom Årdal. Vegen er blitt viktig for verdiskapinga i kommunen knytt til handel og reiseliv. I 2021/2022 har ÅU delteke i arbeidet med å finne utviklingsplassar i Fardalssvingane som samstundes kan vere eit informasjonspunkt for besøkande. Det er også kartlagt naudsynt utbetringsarbeid knytt til svingar og møteplassar. Ei utbetring av desse svingane er i gang.

Strekninga Fodnes – Tyinkrysset er ein viktig veg for Årdal, men også for gjennomgangstrafikk som skal til/frå Sogn – Indre Austland og ikkje minst trafikk frå Bergen via FV53 og Tindevegen som skal til Trondheim om sommaren.

Årdal Utvikling utarbeidde for nokre år sidan eit omfattande notat knytt til desse utfordringane. Saman med kommunen er det gjort eit omfattande arbeid for å skape ei forståing for at spesielt FV53 må utbetrast. Dette notatet er framleis grunnlaget for det arbeidet vi legg ned knytt til FV53.

Når det gjeld kommunikasjon internt i Årdal, så er sjølvsagt strekninga Årdalstangen – Øvre Årdal viktig. Her har ein dei siste åra gjort mykje sikringsarbeid, og vegen er i dag ein trygg veg. Vegen mellom Årdalstangen og Seimsdalen har vore ein verkebyll for kommunen. Det er eit stort og attraktivt bustadområde i Seimsdalen som har levd med ein trafikkfarleg tunnel i alle år. I 2023 vil Årdal få ein sikker veg til bustadområdet, rekreasjonsområdet på Seimsåsen. Dette gjer at vidare utbygging av bustader i Seimsdalen kan halde fram, og massane frå ny tunnel kan nyttast til rassikringsvoll på Årdalstangen og frigjere eit stort nytt bustadområde på Hæreid.

Ikkje minst vil ny sikker kommunikasjon mellom Årdalstangen og Seimsdalen sikre at vi på nytt kan fokusere på å utvikle eit spennande rekreasjonsområde på Seimsåsen.

Årdalstangen – Seimsåsen – Indre Offerdal kan utviklast til eit spennande konsept innan reiselivsutvikling, då vi kombinerer Sognefjorden, fjellheimen og spennande kulturopplevingar i Indre Offerdal. Kjøp av båten TYA må sjåast i denne samanhengen saman med vidare utbygging av sjøfronten på Årdalstangen.

Årdal kommune er heldigvis ein kommune med korte avstandar. Når vi no også får sikre desse avstandane, slik at ein har sikre kommunikasjonar, så ligg alt til rette for at Årdal kan utvikle seg vidare. Eit endå betre kollektivtilbod på transport, må på plass. Årdal Utvikling har greidd ut eit prosjekt som vi vonar kan takast opp til politisk handsaming. Saman med TIDE har ein fått på plass avtale om buss Hjelle – Turtagrø. Denne er no også inne i Kringom.

Kommunikasjonar er ikkje berre vegar, men og fiber. Elektronisk kommunikasjon er i dag ein føresetnad for at næringslivet skal utvikle seg, og at folk vil bu i Årdal. Årdal Utvikling tok initiativ til å etablere Årdalsnett, som sidan har bygd ut fibernettet vårt i tett samarbeid med Årdal Energi. I dag er 100% av Årdal utbygd med fiber, og alle har ein sikker tilgang til internett. Årdal har også bygd ut fiber som sikrar to vegar frå Årdal ut på internett. Det er investert i fiber vestover ut til Sogndal og fiber austover over Tyin.

Årdal Utvikling har utsett oppstart av strategiprojekt kulturbasert næringsutvikling til etter 2023. Eitt konkret prosjekt er likevel delvis gjennomført og vil bli slutført i 2023:

- Årdal Visningscenter AS
 - o Årdal sin industrihistorie er unik. Denne historia er no dokumentert og gjort synleg for både årdøler og besøkande. Denne etableringa har skjedd gjennom eit tett samarbeid med Årdal Sogelag, Hydro, næringslivet, Årdal kommune og kulturressursar i fylkeskommunen.

Reiseliv

5

REISELIV

Forstudie hytteturisme i Årdal

Profileringsprosjekt sykkelturisme i Årdal, gamlevegen Sletterust - 1000m

Forprosjekt Visningspunkt 1000m

Visit Årdal – frå oppstart til drift

Kunst mater teknologi - Prosjektet skal aktualisere naturen, industriarven og teknologimiljøet i Årdal

2022

0,2

ÅU/Visit Årdal

2022

0,5

ÅU/Visit Årdal

2022

0,3

ÅU/Visit Årdal

2022

0,5

ÅU/Visit Årdal

2022

0,4

ÅU/Visit Årdal/ÅTP

Resultat: Strategipunkt 5 er delvis gjennomført


Årdal Utvikling har no gjennomført 3 år av arbeidet knytt til gjennomføring av strategi for reiseliv. Besøkstala til Årdal viser god framgang. Årdal har framleis ein lang veg å gå innan reiseliv, men vi er optimistiske på at næringa har ei framtid i Årdal.

Vi ser at Årdal har utfordringar med å få på plass næringsaktørar som kan gjennomføre dei ulike aktivitetane i strategien. For å skape eit godt fundament for reiselivssatsinga, vil det vere naudsynt at vi styrkar arbeidet med å få på plass gode strategiar og solid økonomi i dei bedriftene vi har innan reiseliv. Vi må også setje eit sterkare fokus på samhandling mellom reiselivsnæringa og handelsnæringa. Det har vore arbeida med å få på plass eit felles selskap knytt til å utvikle reisemål Årdal og samstundes etablere ei plattform for kommersiell drift. Å etablere Booking system av aktivitetar i Årdal vil vere heilt naudsynt.

Prosjektet med å realisere utviklingspunkt Vettismorki er no ferdig. Det viser seg at naudsynte avklaringar med grunneigar og problemstillingar knytt til landskapsverneområde har funne gode løysingar.

Arrangere fagdag «krav til reiselivskommune» for kommune, næringsliv og andre, vil bli gjennomført i 2023.

Forstudie hytteturisme er utsett til 2023/2024. Området som vil bli grunnlaget for arbeidet er Seimsåsen og Tyin. Årdal Utvikling vil delta aktivt i prosjektet med faglege ressursar innan hytteturisme og reiseliv.



Sola skin for BlueTec Vest

BlueTec Vest er bokstavelig tala ei solskinshistorie. Selskapet, med utspring frå miljøet til Årdal Teknologipark, har på eitt år sjudobla omsetnaden sin frå 1,6 til om lag 12 millionar kroner. «Vêrmeldingane» framover er også gode.

- Utviklinga sidan starten i 2020 har vore fantastisk og utsiktene dei næraste åra er svært gode. I 2023 reknar vi med at omsetnaden vil enda på mellom 20 og 30 millionar kroner. Då er planen at selskapet skal nytta godt av satsinga og investeringane som er gjort og gå med overskot, seier dagleg leiar Marit Røyrvik Eldegard.

Lokale eigarar

Det var i 2020 BlueTec Vest såg dagens lys etter at idéen om å etablere eit lokalt solenergiselskap blei klekka ut i miljøet til Årdal Teknologipark. SITEP AS er då også ein av aksjonærane saman med lokale selskap som Årdalsnett, Elektromontasje og Runi Invest, og Tønsberg-baserte BlueTec. I tillegg har Årdal Utvikling bidratt med utviklingsstøtte.

- Vi nyt godt av eit tett samarbeid med BlueTec innan områder som innkjøp, marknadsføring og opplæring, men er elles eit heilt frittståande selskap, seier Marit Røyrvik Eldegard, som i 2021 var einaste tilsette i BlueTec. I løpet av 2022 kom det fem nye medarbeidarar til selskapet som har kontor i det tidlegare Siva-bygget på Årdalstangen.

Klima- og prisbevisste

- Eg må vedgå at det var spesielt å gå frå lærarjobben ved Årdal vidaregåande skule med 40 kollegaer og til ei verksemd der eg i starten var heilt åleine. Men eg har ikkje angrå ein dag. Eg trives veldig godt. Det er givande å byggja opp noko nytt og sjå resultat av innsatsen i form av verdiskaping og nye arbeidsplassar.

Sjølv om dei har hatt oppdrag fleire stader på Vestlandet, er det Indre Sogn og Valdres som er primærmarknaden for BlueTec Vest. Der leverer og installerer dei solcelleanlegg til privathus, hytter, landbruksbygg og næringsbygg.

- Folk er meir klimabevisste enn tidlegare. I tillegg gjer dei høge straumprisane at solcelleanlegg har byrja å løne seg på ein heilt annan måte enn tidlegare. Nedbetalingstida går kraftig ned. Framover blir det spanande å sjå korleis støtta til solcelleanlegg på næringsbygg vil slå ut. Der trur vi det er eit stort potensiale for vidare vekst, seier Marit Røyrvik Eldegard.

Eksplisiv vekst

På verdsbasis har veksten i solkraftmarknaden nærast eksplodert dei seinare åra. Men også på våre kantar av kloden har utviklinga vore formidabel. I 2022 reknar ein med at det i Norge blei installert tre gonger så mykje solkraft som året før. Potensialet framover er også stort. I ei analyse som Multiconsult har gjort for Solenergiklyngen kjem det fram at det tekniske produksjonspotensialet for solkraft her i landet er større enn dagens samla produksjon av vasskraft og vindkraft – dvs meir enn 154 TWh. På bygg åleine er det i følgje konsultentselskapet eit teknisk potensiale på 66 TWh.

- Det er liten tvil om at utsiktene framover er gode. Utfordringa det siste året for heile bransjen har vore lange ventetider for leveransar av både solpanel, inverterar og festemateriell. Men vi har god tru på at dette vil ordna seg framover og vi ser fram til at BlueTec Vest skal veksa vidare i åra framover, avsluttar Marit Røyrvik Eldegard.

